




12 forventningsfulle 1. klassingar på sin fyrste skuledag.

Skulesekken, penalhuset og matboksen var på plass då 12 forventningsfulle 1. klassingar møtte fram til sin fyrste skuledag i dag. Alle var der, - foreldre, ny rektor, kontaktlærarane og 6 åringane i sine finaste skuleklær. Så var det å prøva seg på litt teikning og fargelegging. Dermed var det heile i gang.

Kontaktlærarane Hilde Borge Bringedal og Maria Larsen har begge lang og god erfaring med skulestarten og overgangen frå barnehage til skule. Elevane sat i grupper og alle hadde namneskilt.



[Her er det berre å læra seg namna på dei 12 elevane i 1. klasse.](#)

Rektor, Stig Berge Soldal, fortel til Uskedalen.no at elevtalet i år er 103. Det er ein nedgang på 10 elevar frå førre skuleår. Tala, så langt ein kjenner til, syner nedgang også til neste år. Rektor vonar på tilflytting og eit auka barnetal i Uskedalen. Skulen held på fulldeling, men om nedgangen vil vara ved i åra framover, står fulldelinga i fare.

Uskedal skule har i dag 5 assistentar og 12 lærarar. I oppstarten legg skulen inn kulturelle og sosiale aktivitetar for å skapa eit godt skulemiljø. Fjelltur står mellom anna på programmet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Hilde Borge Bringedal/Kristian Bringedal



Hanna Zmyslona syner stolt fram penalhuset til Maria Larsen, kontaktlærer saman med Hilde Borge Bringedal.